

# 9

# ØVING 1 \ RÅDGIVAREN

## FORKLARING

1. Undervisaren deler elevane inn i grupper på to–fire elevar.
2. Elevane får opplese/utdelt éin og éin situasjon.
3. Elevane drøftar situasjonen gruppevis.
4. Undervisaren leier ein klassesamtale omkring situasjonen.

### SITUASJON 1

Hei! Etter at foreldra til venninna mi skilde seg, har ho begynt å drikke seg veldig full på fest. Ho har ofte sex med tilfeldige personar. No blir ho kalla «hore» og andre stygge ting, og eg veit ikkje kva eg skal gjere for å hjelpe henne. Nokon idé om kva eg kan gjere?

### SITUASJON 2

Hei! Kompisen min har plutsleg sluttat å kome til skolen. Han seier han har vondt i hovudet og må chille, men eg ser at han er online og gamar heile tida. Lærarane har begynt å bli urolege, men han svarer ikkje på nokon av meldingane deira. Vi går i vg3, og det begynner å bli litt krise. Eg har lyst til å hjelpe, men eg veit ikkje korleis.

### SITUASJON 3

Hei! Vi skal lage rullereglar for bussen min, og somme ønskjer at vi skal ha ei vekt ved inngangen sånn at jentene som vil vere med, må vege seg. Det bussen ikkje veit, er at veslesøstera mi er lagd inn på sjukehus på grunn av anoreksi. Eg har lyst til å seie til gutane at eg ikkje vil ha vekt ved inngangen, men er redd for å bli templa som kjip. Nokre tankar om kva eg kan gjere?

### SITUASJON 4

Hei! Eg er ei jente på 17 år som har fått diagnostisert endometriose. Eg klarer så vidt å kome meg på skolen når eg har mensen, og synest det er veldig flaukt å bli så därleg. No har eg også fått kjærast, men eg har ikkje våga å seie det til han enno. Eg er redd han skal tru at eg overreagerer og er heilt hypokonder. Kva kan eg gjere for at han skal forstå?

### SITUASJON 5

Hei! Eg er ein gut på 16 år som slit med foreldra mine. Eg veit at dei vil mitt beste, men av og til verkar det som dei har bestemt seg for korleis livet mitt skal sjå ut. Dei er veldig opptekne av karakterar, og masar mykje om dette. Eg vil berre vere open med dei, men eg føler at dei ikkje vil lytte til meg. Kva kan eg gjere?

### SITUASJON 6

Hei! Eg går i ein klasse med veldig därleg miljø. Problemet er at læraren ikkje ser ut til å leggje merke til det. Det er sjukt mykje blikking og kommentarar, og klassen har liksom delt seg i tre gjengar. Eg har så lyst til at vi kan få ordna opp i klassemiljøet, for akkurat no er det dritt på skolen. Kva kan eg gjere?

### SITUASJON 7

Hei! Eg har akkurat begynt på vidaregåande og har fått meg nokre nye venner. Eg fann akkurat ut at ein i gjengen min mista mora si sommaren før vi begynte i vg1. Han vil ikkje snakke noko særleg om det, men det er jo ikkje lenge sidan. Vi har akkurat blitt venner, og eg er ikkje heilt sikker på korleis eg skal gå fram for å vere ein god venn. Kva kan eg gjere?

### SITUASJON 8

Hei! Eg er ei jente som har det veldig vanskeleg, men eg slit med å spørje vennene mine om hjelp. Det er vanskeleg å finne orda, og eg veit ikkje heilt kva eg skal be dei om. Korleis kan eg gå fram for å seie at eg treng støtta deira utan at det blir så big deal?